

Å R S M E L D I N G

*«Teatret Vårt»*

1 9 9 8

TEATRET VÅRT - AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

## **INNHOLD**

Teatret Vårt 1998	side 3
Styret si årsmelding	side 5
Generalforsamling	side 6
Samarbeidspartnarar i 1998	side 7
Repertoar	side 8
Statistikk	side 10
Resultatrekneskap	side 11
Balanse pr. 31.12.98	side 12
Notar	side 13
Revisjonsmelding	side 14
Amatørteaterdrifta	side 15
Personalet på Teatret Vårt	side 17

## TEATRET VÅRT 1998

Teatret Vårt presenterte i 1998 tre store og to mindre eigenproduksjonar og nådde med desse framsyningane eit publikum på 21 990 menneske. Eit høgdepunkt når det galdt publikumsbesøk var "Å temme trollet" i Yngve Sundvors regi, som innleidde det såkalla Shakespeare-programmet.

Shakespeare-programmet er ein del av teatrets tusenårsfeiring, og skal etter planen gå over fire år. Men teatret hadde samtidig tre norske originalproduksjonar, og to av desse urpremierane inneholdt både nyskriven tekst og nyskriven musikk. Kyrkjeoperaen "Jesu siste dagar" av Henning Sommerro og Edvard Hoem vart vist i 23 ulike kyrkjer i heile fylket. Barnemusikalen "Prinsen og pryleguten" av Knut Anders Vestad og Torvald Sund utgjorde eit anna høgdepunkt i ei krevande satsing på ny norsk dramatikk.

### Satsingsområde

Dermed greidde teatret å nå måla på dei fire sentrale satsingsområda:

- Shakespeare
- Musikkdramatikk
- Ny norsk dramatikk
- Ny dramatikk for barn og unge.



Teatersjef Edvard Hoem

### Publikumsbesøk i 1998

Talet på originalproduksjonar (kafeteater og gjestespel ikkje medrekna) 5  
Talet på framsyningar: 126  
Totalt publikumstal: 21 990  
Billettinntekter: 2 332 026,50

### Kunstnerisk aktivitet

Kyrkjeoperaen "Jesu siste dagar" vart skriven av Sommerro og Hoem i samband med totusenårsjubileet for kristendommen og hadde premiere 28. februar i Ålesund kyrkje. Turneen nådde eit stort publikum, deriblant svært mange som tidlegare ikkje hadde oppsøkt framsyningane til teatret. Framstillinga av Jesu lidingshistorie i dramatisk form måtte tilpassast svært ulike kyrkjerom, og vart dermed ei utfordring, men også ei stor oppleving for dei medverkande i stykket. 7 203 personar såg stykket.

Det oppsiktsvekkande høge publikumstalet blir spesielt gledeleg fordi framsyninga på ingen måte gav seg ut for å vera lett tilgjengeleg i sitt musikalske språk.

26. april hadde teatret dobbelpremiere i Molde, først urpremieren på "Brenn draumane mine på Callaos rei" av Torvald Sund, ein sjømannsmonolog sett i scene av Yngve Sundvor og med skodespelaren Mads Jørgensen i talrike roller. Framsyninga vart ein stor kunstnerisk suksess og fekk glimrande kritikkar, men publikumsbesøket var ikkje like gledeleg. Same dag hadde teatret også premiere på August Strindbergs "Frøken Julie" i Vivi Sundes regi og med Hanne Lindbæk, Randolph Walderhaug og Turi Tarjem i rollene. Forestillinga fekk blanda kritikk, men vart stort sett positivt mottatt av publikum. Med denne framsyninga gjesta vi også det nye Parken Kulturhus i Ålesund for første gong.

Mest krefter og innsats kravde likevel "Å temme trollet" av William Shakespeare, som hadde premiere på den nybygde scenen til Teatret Vårt, Reknesparken Sommerteater, 15. august, under Bjørnsonfestivalen. Denne framsyninga gav mange av publikum eit nytt syn på kva godt teater kan vera. Instruktøren har utdanning frå Moskva og opererte i ei uvanleg energisk og leiken form som ikkje minst den yngre delen av publikum sette stor pris på. Trass i uheldige værforhold vart framsyninga sett av meir enn 8 648 menneske, inkludert to turneframsyningar i Parken

Kulturhus, Ålesund, og tre i Ørsta under Dei Nynorske Festspela og ei framsyning i Ulsteinvik.

Hausten 1998 arbeidde teatret med å utvikle den nye barnemusikalen "Prinsen og pryleguten" som fekk premiere 4. desember. Etter nokre veker av prøveperioden overtok Sigve Bøe regien etter Morten Traavik, og framsyninga vart etter ein speleperiode i Molde også vist på turne med teaterbåten Innnvik.

I oktober hadde teatret kjærkomen gjesting av Lasse Kolstad og Tor Hultin, som på ei hektisk veke syntte framsyninga "Frå steinrøysa til Broadway" seks gonger.

Endeleg stod teatret som arrangør for ei rekke julekonsertar i Møre og Romsdal og Oppland med Henning Sommerro (song og piano), Ingeborg Hungnes (song), Edvard Hoem (tekstlesing) og Lindsay Winfield-Chislett (fløyte). Denne framsyninga hadde premiere i Vestnes kyrkje 14. desember.

Teatret hadde dessutan fleire kafeteater-arrangement.

- |               |   |
|---------------|---|
| 5. juni       | Lorcajubileum, dikt og dans ved Johanna Zwaig                 |
| 6. juni       | Shakespeare-lørdag  |
| 13. juni      | Teaterstunts v/ensemplet                                      |
| 12. september | Einsamflygar, dikt av Halldis Moren Vessas v/Inger Bakke      |
| 26. september | «En musiker...» i samarbeid med Molde Kirkeakademi            |
| 10. oktober   | Blått som i eventyret, v/Inger Johanne Brunvoll Band          |
| 24. oktober   | Trekant, program med yngre skodespelarar ved teatret          |
| 31. oktober   | Program med Morten Jostad, i samarbeid med Molde Kirkeakademi |
| 5. desember   | Words of Comfort, konsert                                     |

## **Reknesparken Sommerteater**

Teatret Vårt manglar ein fullverdig scene som kan brukast til større oppsetningar i Molde. Av den grunn har det vore naturleg å oppsøke andre spelestader, noko som også har gitt kunstnerisk nyvinning. Kyrkjene er ikkje berre ein sjølvsgåt arena for dramatiske framsyninga med utgangspunkt i Bibelen, det er også ein sentral møtestad der teatral utfalding kan få overraskande hjelp frå omgivnadene. Særleg fascinerande

var i så måte "Jesu siste dagar", der ein stundom hadde ei kjensle av å sjå ei ny framsyning kvar kveld.

For å framføre større Shakespeare-oppsetningar var teatret avhengig av ein spelestad med meir armslag enn den vesle scenen i Forum, og teatersjefen tok derfor initiativet til å bygge Reknesparken Sommerteater til bruk for Shakespeareproduksjonar gjennom fire år. Scenen fekk ei kostbar og slitsam tilblivingshistorie, men no er finansieringsproblema løyste og scenen skilt ut som eige aksjeselskap, der teatersjefen er styreforman. På den måten har teatret fått eit nytt stort aktivum i vertskommunen Molde, eit aktivum som også vil koma andre delar av kulturlivet i byen til gode. I 1998 tok teatret også opp arbeidet med å skaffe Ålesund eit meir kontinuerleg teatertilbod, noko som kom til uttrykk i innstillinga "Teaterhjulet" og ei rekke møte med representantar for Ålesund kommune.



*Prinsen og pryleguten: Vivi Sunde.*

## Sponsorarbeidet

Teatret har i fleire år slite med eit underskot som har tært på kreftene og gjort det vanskeleg å drive med nyskaping i den grad ein kunne ønske. For å rette på dette, tok teatersjef Edvard Hoem initiativ til ein sponsorkampanje som ved inngangen av året hadde tilført teatret kr. 650 000 i ekstra produksjonsmidlar. Den største av sponsorene var Ulstein Industrier som i 1998 gav teatret eit tilskot på kr. 200 000. Ei rekke andre sponsorar gav teatret tilskot frå kr. 20 000 til 60 000, det galdt Avantor, Braathens, First Hotel Alexandra, Storebrand, Rainbow Hotel Noreg, Fokus Nordvestbanken, Kontorvarehuset. Ei rekke bedrifter gav mindre beløp til drifta og til bygginga av Reknesparken Sommerteater. Til saman gjorde desse sponsormidlane at drifta i 1998 nære på gjekk i balanse.



Å temme trollet: Bjørn Sundquist, Rune Hekkelstrand og Jørgen Langhelle.

## STYRET SI ÅRSMELDING Selskapsforma

Teatret Vårt er eit aksjeselskap, der styret er samansett av seks representantar for Staten, ein representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune, ein representant frå Molde kommune, ein frå Dei frilynde ungdomslaga i Møre og Romsdal og to frå dei tilsette ved teatret.

### Styret

I styret sat som representantar for Staten Helge Linge, Molde, (leiar) med Per Øverbø, Molde, som vara, Johan Bengtsson, Rauma, med Harald Grytten, Ålesund, som vara, Gunvor Krogsæter, Ålesund, med Tine Kjær, Oslo, som vara, Bjørg Riksford, Ålesund, med Per Helge Malvik, Sunndal, som vara, Jarle Sanden, Molde, med Sissel Andersen, Volda, som vara og Catherine Ingebrigtsen, Kristiansund, med Sadhona Mathiassen, Molde, som vara.

Som representant for Møre og Romsdal fylkeskommune sat Per Arne Skomsø, Rauma, (nestleiar) med Ingrid Løset, Stordal, som vara.

Som representant for Molde kommune sat Grete Marie Eikebu, Molde, med Ann Helene Skare, Molde, som vara.

Som representant for Dei frilynde ungdomslaga i Møre og Romsdal sat Bjørn Ølander, Nesset, med Heidi Løklingholm, Aukra, som vara.

Frå Teatret Vårt sat Randolph Walderhaug med Gøril Haukebø som vara fram til 25. mai, som representant for den kunstneriske gruppa. Frå 25. mai sat Gøril Haukebø med Randolph Walderhaug som vara. Gerd G. Austnes med Mary Farstad som vara, sat som representant for dei andre tilsette.

Johan Bengtsson bad seg hausten 1998 friatt som styremedlem fordi han hadde flyttet frå fylket, og Harald Grytten rykte dermed opp som fast medlem.

## **GENERALFORSAMLING 1998**

Ekstraordinær generalforsamling vart halden i AS Regionteatret i Møre og Romsdal i 3. etasje, Forum-bygget, Molde 18. mars 1998.

### **Desse møtte:**

Møre og Romsdal fylkeskommune med fullmakt: Ingunn Norderval.  
Frå Molde kommune med fullmakt: Inger Johanne Nygaard.  
Fylkesrevisjonen: Hilde Myrvang.  
Styret for Teatret Vårt: Helge Linge og Catherine Ingebrigtsen.  
og administrasjonssjef Borghild Rosvoll.

Generalforsamlinga handsama teatret si satsing i Ålesund.

Ordinær generalforsamling vart halden i AS Regionteatret i Møre og Romsdal i 3. etasje, Forum-bygget, Molde 25. mai 1998.

### **Desse møtte:**


Møre og Romsdal fylkeskommune med fullmakt: Ingunn Norderval.  
Frå Molde kommune: ordførar Einar Øveraa og kultursjef Magne Orten.  
De frilynde ungdomslaga med fullmakt: Leif Lagesen.  
Fylkesrevisjonen: Hilde Myrvang.  
Styret for Teatret Vårt: Helge Linge, Gunvor Krogsæter, Catherine Ingebrigtsen, Grete Marie Eikebu, Per Arne Skomsø, Gerd G. Austnes, Randolph Walderhaug, Jarle Sanden.

Teatret Vårt: teatersjef Edvard Hoem.

Rekneskap og årsmelding var samrøystes vedteke. Generalforsamlinga tok til etterretning kven som var oppnemnde til styremedlemer. Per Arne Skomsø vart vald til nestleiar.

### **Styret**

Styret hadde i 1998 seks styremøte og hadde i alt 50 saker til handsaming.



Å temme trollet: Bjørn Sundquist og Hanne Lindbæk.



Frøken Julie: Hanne Lindbæk og Randolph Walderhaug.

## **Arbeidsmiljøet og organisasjonen på teatret**

Arbeidsmiljøet på teatret har vore tilfredsstillande og det var liten gjennomtrekk blant dei tilsette, når ein ser bort frå at teatret i stor grad gjer bruk av gjestande skodespelarar til dei einskilde framsyningane. I 1998 skjedde visse endringar i arbeidsoppgåvane i administrasjonen.

Borghild Rosvoll gjekk over i ny stilling som rådgivar 18. juni 1998. Mette Mjelve vart frå 15. mai engasjert i stillinga som marknadsleiar med ansvar for dagleg leiing når teatersjefen var fråverande. I Halvard Fiksdals permisjonstid frå 1.1.-30.6. fungerte Bjørn Kalvatsvik som produksjonssjef. I same perioden fungerte Sten Are Fogge som inspiserent. Amatørteaterleiar Eldrid Larsen fungerte som sufflør på "Å temme trollet".

## **Økonomien i selskapet**

Det offentlege tilskotet til Teatret Vårt var i 1998 på kr. 14 467 000, fordelt på tilskot frå Staten med kr. 10 127 000, tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune med kr. 2 170 000 og tilskot frå Molde kommune med kr. 2 170 000.

Ved inngangen av 1998 hadde teatret eit oppsamla underskot på kr. 689 985,-. Ved utgangen av 1998 var samla underskot kr. 725 652. Langsiktig gjeld ved inngangen til 1998 var kr. 1 115 435,-. Langsiktig gjeld ved utgangen av 1998 er kr. 574 646,-. Eigenkapitalen er negativ pr. 31.12.98.

På grunn av at selskapet også for 1999 har fått tilsegn om faste tilskot til drifta, vil aktiviteten til selskapet ikkje vera truga av den økonomiske situasjonen, men den likvide situasjonen er særskilt vanskeleg og selskapet prøver med streng budsjettdisiplin å vinne over dei økonomiske vanskane. Samstundes vil teatret prøve å halde fram med å laga framsyningar med høg kunstnerisk kvalitet og auke publikumstalet.



*Frøken Julie: Hanne Lindbæk.*

## **SAMARBEIDS-PARTNARAR I 1998**

Ulstein Industrier, Avantor, Braathens,  
First Hotel Alexandra, Storebrand,  
Rainbow Hotel Noreg, Fokus  
Nordvestbanken, Kontorvarehuset,  
Istad Kraft og S. Pettersson.

## REPERTOAR

### "Jesu siste dagar"

av Henning Sommerro (musikk)  
og Edvard Hoem (tekst)

Regi: Daniel Bohr  
Scenografi/kostyme: Arne Nøst  
Musikalsk innstudering/repetitør: Petra  
Bjørkhaug  
Lysdesign: Finn Landsperg

Medverkande:  
Lars Øyno  
Lasse Kolstad  
Ingeborg Hungnes  
Ståle Bjørnhaug  
Gøril Haukebø  
Turi Tarjem  
Elisabeth Lindland  
Mads Jørgensen  
Randolf Walderhaug

Musikarar:  
Erlend Eide  
Lars Sitter  
Knut Anders Vestad

Framsyningar: 29  
Upremiere: 27. februar

*Jesu siste dagar: Ingeborg Hungnes og Lars Øyno.*



### "Brenn draumane mine på Callaos rei"

av Torvald Sund

Regi: Ynge Sundvor

Medverkande:  
Mads Jørgensen og  
Marie Skavnes (fele)

Framsyningar: 26  
Upremiere: 26. april



*Brenn draumane mine på Callaos rei: Mads Jørgensen.*

### "Frøken Julie"

av August Strindberg  
omsett av Gunnar Bull-Gundersen

Regi: Vivi Sunde  
Scenografi: Liv Anne Øveraaas  
Lysdesign: Finn Landsperg  
Kostymer: Åshild Mjåseth  
og Gerd G. Austnes  
Koreografi: Sadhana Mathiassen  
Musikk: Knut Ivar Bøe  
og Ingunn Linge Valldal  
Rekvisittar: Bergliot Rørvik  
Sufflør: Janne Iren Holseter

Medverkande:  
Hanne Lindbæk  
Turi Tarjem  
Randolf Walderhaug

Framsyningar: 10  
Premiere: 26. april



*Frøken Julie: Hanne Lindbæk og Randolf Walderhaug.*

## "Å temme trollet"

Av William Shakespeare  
Omsett til norsk av Edvard Hoem

Regi: Yngve Sundvor  
Scenografi: Arne Nøst  
Lysdesign: Finn Landsberg  
Kostyme: Karina Jakobsen Holmberg  
Maskør: Kati Sjøgren  
Rekvisittar: Bergliot Rørvik  
Inspisient: Sten Are Fogge  
Sufflør: Eldrid Karin Larsen  
Systove: Åshild Mjåseth  
og Gerd G. Austnes  
Assistentmålar: Are Austnes  
Lysteknikar: Christen André Mentzoni  
Teknikarar: Mathias Hammerø  
og Arnt Skipnes

Medverkande:  
Bjørn Sundquist  
Hanne Lindbæk  
Gøril Haukebø  
Morten M. Faldaas  
Jørgen Langhelle  
Randolf Walderhaug  
Lars Funderud Johannessen  
Anna Guttormsgaard  
Bendik Østbye Johannessen  
Rune Temte  
Jonas Kippersund  
Rune Hekkelstrand  
Christian Greger

Framsyningar: 23  
Premiere: 15. august



Å temme trollet: Christian Greger, Bendik Østbye Johannessen og Randolf Walderhaug.

## "Prinsen og pryleguten"


### **Ein barnemusikal**

Av Torvald Sund (tekst)  
og Knut Anders Vestad (musikk)

Songtekstar: Idar Lind  
Regi: Sigve Bøe  
Omarbeiding: Edvard Hoem  
Scenografi: Liv Anne Øveraas  
Lysdesign: Finn Landsberg  
Kostyme: Åshild Mjåseth  
og Gerd G. Austnes  
Inspisient: Bjørn Kalvatsvik  
Rekvisitor: Bergliot Rørvik  
Sufflør: Vigdis Marceliusen

Medverkande:  
Lars Funderud Johannessen  
Bendik Østbye Johannessen  
Anna Guttormsgaard  
Randolf Walderhaug  
Gøril Haukebø  
Vivi Sunde

Framsyningar: 14  
Upremiere: 4. desember



Prinsen og pryleguten: Lars Funderud Johannessen.

## STATISTIKK

### Framsyningar og billettinntekter

Publikum	21 990
Framsyningar	126
Billettinntekter	2 332 026,50
Gj.snitt pr. bill.	106,04

### Sal- og infokostnader

Annonser	
framsyningar	365 000
Reklame/ plakatar/foto	267 000
Program	83 000
Anna	115 000
<b>Totalt</b>	<b>830 000</b>

### Personalutgifter (inkl. sos. utg.)

Teatersjef/ administr.	1 383 000
Sals- og info-personale	572 000
Skodespelarar	3 622 000
Teknisk avdeling	1 970 000
Systove	367 000
Amatørteater- avdeling	345 000
Sufflør	12 000
Andre	2 263 000

### Fast tilsett personale

Teatersjef/ administr./marked	6
Skodespelarar	6
Teknisk personale	8
Amatørteateravdeling	1
<b>Totalt fast tilsett</b>	<b>21</b>

Utgjer 20 heile stillingar

### Deltidstilsette

I tillegg til dei fast tilsette var det engasjert tilsaman 82 personar på deltid i løpet av året.

### Totale driftsinntekter- og utgifter

Eigne inntekter	3 409 897
= prosent av totale driftsutgifter	18,95

### Tilskot

Staten	10 127 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	2 170 000
Molde kommune	2 170 000
Andre tilskot	160 000
<b>Samla tilskot</b>	<b>14 627 000</b>

### Framsyningar og billettsal for barn og ungdom

Produksjon	Tal på framtsyningar	Publikum
Frøken Julie	2	486
Å temme trollet	12	5 490
Prinsen og pryleguten	15	1 562
<b>Sum</b>	<b>29</b>	<b>7 538</b>

### 10 på topp 1991 - 1998

1. Victoria	1993	56	13 399
2. Brødrene Løvehjerte	1994/95	81	12 963
3. No skin det sol	1995/96	74	9 802
4. Å temme trollet	1998	23	8 648
5. Romeo og Julie	1997	47	7 559
6. Jesu siste dagar	1998	29	7 203
7. Lasso rundt fru Luna	1996/97	57	6 659
8. Peer Gynt	1993	54	6 179
9. Fruen fra havet	1995	50	5 127
10. A Clockwork Orange	1995	42	4 925

## RESULTATREKNESKAP

	1998	1998	1997
	REKNESKAP	BUDSJETT	REKNESKAP
<b>I DRIFTSINNT.</b>			
1. Bill- og progr.sal Note 6	2 366 417	2 487 000	1 358 642
2. Andre inntekter	1 043 480	993 000	597 011
3. Driftstilskot	14 627 000	14 757 000	14 035 120
<b>Sum driftsinntekt</b>	<b>18 036 897</b>	<b>18 237 000</b>	<b>15 990 773</b>
<b>II DRIFTSKOSTN.</b>			
1.Arbeidskraft	11 980 760	11 902 000	10 248 175
2.Materialkostn.	480 669	459 000	356 335
3.Sals- og info.kostn.	829 992	741 000	578 368
4.Andre driftskostn.	2 129 125	2 130 000	2 130 571
5.Lokaler	1 649 522	1 642 000	1 507 392
6.Kostn.vedr.turne	654 710	655 000	755 816
7.Vedl.h./ombygg.kostn.	0	0	1 561
8.Utstyrskostn.	34 507	39 000	67 319
9.Avskrivningar	233 692	233 000	263 300
<b>Sum driftskostn.</b>	<b>17 992 978</b>	<b>17 801 000</b>	<b>15 908 837</b>
<b>III Driftsresultat</b>	<b>43 919</b>	<b>436 000</b>	<b>81 936</b>
<b>IV FINANSINNTEKTER OG KOSTNADER</b>			
1.Finansinntekter	32 155	50 000	56 266
2.Finanskostnader	-111 741	-151 000	-111 075
Netto finansinnt./kostn.	-79 587	-101 000	-54 809
<b>VI Event.ekstraord.post.</b>			
<b>VII Resultat</b>	<b>-35 668</b>	<b>335 000</b>	<b>27 127</b>
Disponering av årets resultat:			
Dekning av tidlegare årsunderskot			<b>27 127</b>
Underskot til framføring	<b>35 668</b>		

**BALANSE pr. 31.12.98:**

<b>Eignelutar</b>	<b>1998</b>	<b>1997</b>
<b>Omløpsmidlar</b>		
Kasse, bank	401 645	227 889
Debitorar	99 051	60 396
Andre kortsiktige fordringar Note 4	915 784	81 941
Depositum, leigebuarinnskot,	23 250	23 250
<b>SUM OMLØPSMIDLAR</b>	<b>1 439 729</b>	<b>393 476</b>
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>		
Aksjar	115 000	
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	10 000	10 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3 000	3 000
Leigebuarinnskot	65 400	65 400
Bygningsmessige innreiingar Note 1	1 334 625	1 523 654
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR</b>	<b>1 528 025</b>	<b>1 602 054</b>
<b>SUM OMLØP OG ANLEGGSMIDLAR</b>	<b>2 967 754</b>	<b>1 995 530</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>		
Kassakreditt	1 614 159	
Påkomne feriepengar/arb.gjev.avg. og andre trekk	872 849	586 652
Skyldig skatt, arb.gjev.avg., hon. og avsett til husvære	536 108	647 165
Kreditorar	407 019	
Forfattarhon. m.m.	-361 375	
Diverse kreditorar	45 644	286 263
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>	<b>3 068 760</b>	<b>1 520 080</b>
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>		
Lån Fokus Bank	<b>574 646</b>	<b>1 115 435</b>
<b>EIGENKAPITAL</b>		
Aksjekapital Note 2	50 000	50 000
Reservefond	0	0
Dispositionsfond	0	0
Underskot	-725 652	-689 985
Overskot		
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	<b>-675 652</b>	<b>-639 985</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>2 967 754</b>	<b>1 995 530</b>

# NOTAR

## NOTE 1: DRIFTSMIDLAR

Anleggskostnader 01.01.98	3 039 052
+tilgang i året	44 665
Anleggskostnader 31.12.98	3 083 717
Tidlegare avskrivningar	1 515 400
Årets avskriving	<b>233 692</b>
<b>Bokført verdi</b>	<b>1 334 625</b>

## NOTE 2: AKSJAR OG AKSJONÆRAR

Selskapet sin aksjekapital er kr. 50 000 fordelt på 25 aksjar a kr. 2 000.

Aksjonærar er:

- Møre og Romsdal fylkeskommune med 12 aksjar
- Molde kommune med 12 aksjar
- Dei frilynde ungdomslaga med 1 aksje.

## NOTE 3: GODTGJERSLE

For perioden 01.01.98 til 31.12.98 er det utbetalt:

- honorar til styret med kr. 50 642
- løn og honorar til teatersjef med kr. 524 214
- Tantieme er ikkje utbetalt til styre og teatersjef.

Revisor har motteke følgjande godtgjersle for ordinær revisjon: kr. 30 000

## NOTE 4: ANDRE KORTSIKTIGE FORDRINGER

Kr. 885 000 er fordring på Reknesparken Sommerteater AS.  
Blir innbetalt i 1. halvår 1999.

## NOTE 5: ANDRE TILSKOT

Kr. 40 000 frå Norsk Kulturråd (Dramatikarseminar)  
Kr. 120 000 frå Kulturdepartementet (kr. 60 000 til "Jesu siste dagar" og kr. 60 000 til "Brenn draumane mine på Callaos rei").

## NOTE 6: BILETTINNTEKTER/ PROGRAMSAL

Jesu siste dagar	29	7203	900 800,00
Frøken Julie	10	940	90 125,00
Brenn draumane mine på Callaos rei	26	958	82 210,00
Å temme trollet	23	8 648	898 251,00
Frå Steinrøysa til Broadway	6	724	74 350,00
Kafeteater	9	569	46 680,00
Prinsen og pryleguten	14	1 562	105 975,00
Førjulskonsert	8	1 336	130 735,50
Blå fugl	1	50	1 000,00
Mummitrollet og trollmannenshatt	-	-	1 500,00
Kjøpmannen i Venezia	-	-	400,00

**Totalt**            **126 21 990**            **2 332 026,50**

**Programsal**            **34 390**

Molde, 20. april 1999

Helge Linge  
styreleiar

Per Arne Skomsø	Gunvor Krogsæter	Jarle Sanden	Catherine Ingebrigtsen
Bjørg Riksford	Grete Marie Eikebu	Bjørn Ølander	Harald Grytten
	Gerd G. Austnes	Gøril Haukebø	

Edvard Hoem teatersjef	Ole Nistad Økonomisenteret MRK AS
---------------------------	--------------------------------------





# Møre og Romsdal fylkeskommune

FYLKESREVISJONEN

TIL GENERALFORSAMLINGA I  
A/S REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

## REVISJONSMELDING 1998

Fylkesrevisjonen har revidert årsoppgjernet til A/S Regionteatret i Møre og Romsdal for 1998 som viser eit årsunderskot på kr 35.668,-. Årsoppgjernet, som inneheld årsmelding, resultattrekneskap, balanse og notar, er lagt fram av styret i selskapet og teatersjefen.

Vår oppgåve er å granske selskapet sitt årsoppgjør, rekneskapen og handsaminga av andre forhold knytt til selskapet.

Vi har utført revisjonen i samsvar med gildande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingar som vi har rekna som naudsynte, for å stadfeste at årsoppgjernet ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I samsvar med god revisjonsskikk, har vi kontrollert utvalde delar av grunnlagsmaterialet som underbygger rekneskapspostane. Vi har også vurdert dei rekneskapsprinsippa som er nytta, del skjønnsmessige vurderingane som er gjorde av leitunga, samt innhald og presentasjon av årsoppgjernet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, har vi gjennomgått formuesverftalninga til selskapet og den interne kontrollen.

Offentlege tilskot er etter vår mening nytta i samsvar med Stortingets føresetnader.

Vi gjer merksam på at selskapet sin eigenkapital er negativ, og at tiltak foreslått av styret for rette opp den økonomiske situasjonen, vil krevje ei streng økonomistyring og løpende budsjettoppfølging det neste året.

Styret sitt forslag til dekning av underskotet fyller dei krav aksjelova set.

Etter vår mening er årsoppgjernet gjort opp i samsvar med krava i aksjelova og gir eit forvarleg uttrykk for selskapet sin økonomiske stilling per. 31.12.98, og for resultatet av verksemda i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk.

Molde, 26. april 1999

Hans Blø

Ole Rødal

POSTADRESSE: FYLKESSHUSET, 6400 MOLDE - BESØKSADRESSE: JULSUNDV. 9, 6400 MOLDE  
SENTRALBORD: 71 25 80 00 - EKSP./OPPLYSNING: 71 25 86 17 - TELEFAX: 71 25 86 12

## **AMATØRTEATERDRIFTA**

I 1998 vart det lagt vekt på å gi ulik profesjonell hjelp til amatørane i fylket:

- Instruksjon
- Arrangere kurs på fylkesplan
- Informasjon om tilbod frå teatret til lag, organisasjoner, skolar, kommunar
- Utlån av utstyr som teatret disponerer
- Konsulenthjelpe
- Revyfestival 1998

## **LOKALE KURS:**

### **Sminkekurs**

Rødven 27.01.98 Tal delt. 10

Lærar: Eldrid Karin Larsen

### **Teaterkurs for barn**

Tingvoll 07.02.98 Tal delt. 25

Lærar: Eldrid Karin Larsen

## **FYLKESREGIONALE KURS:**

### **Sminkekurs/maske**

Tresfjord 09.-11.07.98 Tal delt. 10

Lærar: Trude Sneve

### **Stemmebruk/song**

Tresfjord 09.-11.07.98 Tal delt. 15

Lærar: Hanne Lindbæk

### **Skodespelarteknikk**

Tresfjord 09.-11.07.98 Tal delt. 15

Lærar: Mads H. Jørgensen

### **Teaterverkstad for barn**

#### **8 -12 år**

Tresfjord 09.-11.07.98 Tal delt. 25

Lærar: Bjørn Ølander

## **REVFESTIVAL:**

### **"GAPSKRATTFESTIVALEN"**

### **TRESFJORD 09.-11.07.98**

Tresfjord UL og Teatret Vårt ved amatørteaterleiar arrangerte revyfestival i Tresfjord 09.-11.07.98. Dette var den andre revyfestivalen som er arrangert i fylket, og det største arrangementet for teateramatører i Møre og Romsdal. Det deltok også lag frå Sør og Nord Trøndelag. Tilsaman 150 deltok med innslag på scenen og på kurs.

Om lag 2500 publikummere såg dei tre forestillingane som vart framført under festivalen. GAPSKRATTFESTIVALEN 1998 vart ein stor suksess.

## **LAG – ORGANISASJONAR – SKOLAR – KOMMUNAR SOM FEKK INSTRUKSJON /KURS FRÅ TEATRET VÅRT I 1998:**

Averøy menighetsråd, Stene

Barn 6-10 år

DH-revyen, Molde

Eira UL, Eresfjord

Eira UL, Eresfjord

Gossen fr.UL, Aukra

Havella-kabareten, Smøla

Molde Ungdomsteater

Molde Ungdomsteater

Poppeloppeteatret, Molde

Poppeloppeteatret, Molde

Rødven UL

Tingvoll barne og ung.skole

Tingvoll kom. Tekstiljubileet

Tresfjord UL

Manusskriving/instruksjon

Sminkekurs

Instruksjon

Påsketeater

Englefabrikken

Revy

Dr. Grues

Kabaret

Jentedassen

Jorden rundt ...

Jubileumskabaret

Revy

## UTLÅN

Søknader om leige av teknisk utstyr aukar. Dette kan tilskrivast kurs i bruk av lysutstyr og lyssetting i lokallaga.

Utlån	1994	1995	1996	1997	1998
Teknisk	35	40	30	30	40
Kostymer	50	65	40	50	70
Manus	98	95	110	125	130
Manus (tal)	250	255	250	240	260

## FYLKESREGIONALE KURS DEI SISTE FEM ÅRA:

Kurs	1994	1995	1996	1997	1998
	2	3	8	0	4

## TEATRET VÅRT OG HJELP TIL LAGA

Etterspurnaden om instruktørhjelp og kurs er stor. Vi merkar ei positiv haldning rundt om i fylket til det arbeidet vi utfører og den hjelpe avdelinga gir til amatørteaterlaga, skolar, organisasjonar, kommunar og anna. Ein kan og se verknaden av fleire års arbeid ute i laga med hjelpe til sjølvhjelpe, då fleire har fått fram sine eigne instruktørar.

Nye lag har også meldt seg interessert og behovet for hjelpe er framleis stort.

Omlag 400 amatørskodespelarar fekk direkte hjelpe frå avdelinga som instruksjon eller kurs.

I tillegg til amatørteaterleiar Eldrid Karin Larsen, har desse hatt oppdrag frå avdelinga med instruksjon, kurs o.a. i laga: Mads H. Jørgensen, Hanne Lindbæk, Endre Skar, Bjørn Ølander, Trude Sneve og Kristen A. Mentzoni.



Jesu siste dagar: Lasse Kolstad.

## PERSONALET PÅ TEATRET VÅRT

### Skodespelarar:

Randolf Walderhaug	fast tilsett	
Ståle Bjørnhaug	05.01.98 -	30.04.98
Elisabeth Lindland	05.01.98 -	30.04.98
Lars Øyno	05.01.98 -	30.04.98
Ingeborg Hungnes	05.01.98 -	30.04.98
Lasse Kolstad	05.01.98 -	30.04.98
	+ 10.10.-	18.10.98
Turi Tarjem	fast tilsett	slutta 31.7.98
Vivi Sunde	fast tilsett	
Hanne Lindbæk	01.01.98 -	31.10.98
Mads H. Jørgensen	01.01.98 -	30.06.98
Bjørn R. Sundquist	15.04.98 -	15.10.98
Anna E. Guttormsgaard	01.05.98 -	
Bendik Ø. Johannessen	20.05.98 -	
Lars Funderud Johannessen	01.05.98 -	
Jørgen S. Langhelle	01.05.98 -	15.10.98
Rune Andre Hekkelstrand	01.05.98 -	15.10.98
Rune Temte	01.05.98 -	15.10.98
Christian Greger Strøm	01.05.98 -	15.10.98
Morten Faldaas	01.05.98 -	15.10.98
Jonas Kippersund	01.05.98 -	15.10.98
Gøril Haukebø	fast tilsett	

### Teknisk personale:

Bjørn Kalvatsvik	inspisient/produsent
Mathias Hammerø	verkstad
Leif Rosvoll	verkstad
Bergliot Rørvik	rekvisitør
Finn Landsperg	lysmeister
Åshild Mjåseth	leiar systue
Gerd G. Austnes	systue
Sten Are Fogge	inspisient
	05.01.98
	18.09.98

### Administrasjon:

Edvard Hoem	teatersjef
Borghild Rosvoll	adm. sjef, frå 18.6.98 rådgiver
Harry Hestad/Ole Nistad	økonom. kons. 01.05. - 31.12.98
Halvard Fiksdal	(perm til 30.6.98) produsent
Eldrid Karin Larsen	amatørteaterleiar
Rolf-Inge Pedersen	salsleiar/info. konsulent
Mette Mjelde	markedsleiar frå 15.5.98
Mary Farstad	adm. konsulent
Evy Johannessen	adm. sekretær
Oddbjørg Heggdal	bill. sekr.

Totalt faste/deltidstilsette: 103

## PERSONALET PÅ TEATRET VÅRT

### Skodespelarar:

Randolf Walderhaug	fast tilsett	
Ståle Bjørnhaug	05.01.98 -	30.04.98
Elisabeth Lindland	05.01.98 -	30.04.98
Lars Øyno	05.01.98 -	30.04.98
Ingeborg Hungnes	05.01.98 -	30.04.98
Lasse Kolstad	05.01.98 -	30.04.98
	+ 10.10.-	18.10.98
Turi Tarjem	fast tilsett	slutta 31.7.98
Vivi Sunde	fast tilsett	
Hanne Lindbæk	01.01.98 -	31.10.98
Mads H. Jørgensen	01.01.98 -	30.06.98
Bjørn R. Sundquist	15.04.98 -	15.10.98
Anna E. Guttormsgaard	01.05.98 -	
Bendik Ø. Johannessen	20.05.98 -	
Lars Funderud Johannessen	01.05.98 -	
Jørgen S. Langhelle	01.05.98 -	15.10.98
Rune Andre Hekkelstrand	01.05.98 -	15.10.98
Rune Temte	01.05.98 -	15.10.98
Christian Greger Strøm	01.05.98 -	15.10.98
Morten Faldaas	01.05.98 -	15.10.98
Jonas Kippersund	01.05.98 -	15.10.98
Gøril Haukebø	fast tilsett	

### Teknisk personale:

Bjørn Kalvatsvik	inspisient/produsent	
Mathias Hammerø	verkstad	
Leif Rosvoll	verkstad	
Bergliot Rørvik	rekvisitør	
Finn Landsperg	lysmeister	
Åshild Mjåseth	leiar systue	
Gerd G. Austnes	systue	
Sten Are Fogge	inspisient	
	05.01. 98	18.09.98


### Administrasjon:

Edvard Hoem	teatersjef	
Borghild Rosvoll	adm. sjef, frå 18.6.98 rådgiver	
Harry Hestad/Ole Nistad	økonom. kons. 01.05. -31.12.98	
Halvard Fiksdal	(perm til 30.6.98) produsent	
Eldrid Karin Larsen	amatørteaterleiar	
Rolf-Inge Pedersen	salsleiar/info. konsulent	
Mette Mjelde	markedsleiar frå 15.5.98	
Mary Farstad	adm. konsulent	
Evy Johannessen	adm. sekretær	
Oddbjørg Heggdal	bill. sekr.	

Totalt faste/deltidstilsette: 103



Å temme trollet: Rune Temte og Lars Funderud Johannessen.



Jesu siste dagar: Lars Øyno.



Førjulskonsert: Edvard Hoem, Henning Sommerro, Lindsay Winfield-Chislett og Ingeborg Hungnes.

